
Saksnr: 2021/2039-1
Saksbehandlar: Therese Solbjør Wathne
Dato: 26.01.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Status for arbeidet med personvern

Kontrollutvalet bad i møte 15.06.20, sak 61/20, fylkesrådmannen om å oversende ei ny skriftleg orientering om status når det gjeld arbeidet med personopplysningslova til møtet 25.11.20. Grunna stor saksmengde til det nemnde møtet i november, har kontrollutvalet bede om at orienteringa først vert lagt fram til utvalet sitt møte 15.02.21.

Ressursar på personvernområdet

Ressursane på området har vore varierende. Fylkeskommunen hadde i 2020 tre personar innom rolla som personvernombod og har dessutan hatt ein midlertidig personvernrådsgjevar. Alle har hatt avgrensa kapasitet til å utføre oppgåvene som ligg til rollene som følgje av å ha også andre funksjonar i fylkeskommunen.

Eit nytt og permanent personvernombod tok formelt over rolla som personvernombod 1. september 2020. Funksjonen som personvernombod er meint å utgjere inntil 50% av vedkomande si stilling. Personvernombodet har sidan oktober nytta mesteparten av tida på ombodsfunksjonen, som følgje ressursmangel på personvernområdet og at oppgåvene som ligg til personvernombodet er svært omfattande. Etter ombodet si vurdering vil det kunne rettferdiggjeras å ha ei 100% stilling til funksjonen som personvernombod.

Fylkesdirektøren for organisasjon og økonomi tilsette i haust ny personvernrådsgjevar. Vedkomande byrjar i stillinga 09.03.21. Stillinga som personvernrådsgjevar ligg under HR-seksjonen, og vil inngå i faggruppa for HMS og kvalitetsstyring.

Tidlegare personvernrådsgjevar i Hordaland fylkeskommune, Marianne Seim, føreslo i statusrapport datert 17.12.19 at følgjande arbeidsoppgåver bør liggje til stillinga som personvernrådsgjevar:

- Vedlikehald av retningslinjer/rutinar i kvalitetssystemet og hjelpe til med opplæring og implementering av regelverket og rutinar.
- Bistå avdelingene med utarbeiding av behandlingsprotokoller. Avdelingane har ansvar for at dei avdelingsvise behandlingsprotokollane er oppdaterte.
- Hjelpe avdelingane ved gjennomføring av DPIA/risikovurderingar.
- Handtere avvik.
- Eventuelle andre arbeidsoppgåver som det er naturleg at personvernombodet og personvernrådsgjevar samarbeider om.

Ordninga med personvernkoordinatorar

I 2018 vart det oppretta personvernkoordinatorar på einiskilde avdelingar i Hordaland fylkeskommune. Desse skulle representere fagavdelingane i arbeidet med personvern. Ordninga har sidan den gong hatt lite oppfølging og kontinuitet, men er bestemt vidareført i Vestland fylkeskommune. Det nye personvernombodet har saman med den mellombelse personvern-rådgjevaren arbeidd med å få ordninga i gang att. Målsettinga med ordninga er å sikre regeletterleving i tråd med personvernlovgivinga og oppretthalde eit tilfredsstillande personvern i kvar avdeling/eining.

Per no inneber mandatet at personvernkoordinator for si avdeling/eining skal:

- bidra til å føre oversikt over behandling av personopplysningar i eiga avdeling/eining.
- vurdere risiko og konsekvensar for personopplysningar i eiga avdeling/eining
- bidra til at det vert sett i gang og gjennomført naudsynte tiltak ved behandling av personopplysningar.
- bidra til at informasjonsplikta overfor den registrerte er innfridd.
- bidra med handtering av brot på personopplysningstryggleiken.
- bidra ved spørsmål frå den registrerte knytt til den registrerte sine rettar (innsyn, korrigering og sletting av personopplysningar og liknande).
- bidra ved implementering av overordna rutinar knytt til personvernlovgivinga i eiga avdeling/eining.

Det er no oppnemnd personvernkoordinatorar i alle avdelingar og ved alle skular, og det er til saman 67 personvernkoordinatorar i fylkeskommunen. Desse er plassert ut frå ei vurdering av avdelingane sin kompleksitet, i kva grad ein behandlar personopplysningar og dei respektive avdelingsdirektørane sine vurderingar. Det er vidare oppretta eit felles team i Teams for *personvernkoordinatorar i VLFK*.

For at ordninga skal verte varig og godt implementert i organisasjonen, er det viktig at koordinatorane har tilstrekkeleg med tid til å gjennomføre relevant opplæring og har ressursar til å gjennomføre oppgåvene som ligg til funksjonen. Det er personvernombodet og personvern-rådgjevar som administrerer ordninga per no.

Personvernkoordinatorane si første oppgåve vert føring av protokollar for behandling av personopplysningar i si avdeling/eining. Arbeidet er allereie sett i gang og målet er å ha komplette protokollar i første halvdel av 2021.

Personopplysningstryggleiken i fylkeskommunen

Avvikskultur

Fylkeskommunen, v/personvernombodet, skal varsle Datatilsynet dersom det har skjedd brot på personopplysningstryggleiken og det er sannsynleg at brotet vil medføre ein risiko for dei registrerte sine rettigheter og fridomar.

Leiarar, fagmiljøet for personvern og personvernombodet har ein jobb å gjere for å betre rutinar for handtering av brot på personopplysningstryggleiken i organisasjonen. Rutinar for handtering av avvik må følgjast. Personvernombodet må også involverast meir og på eit tidlegare tidspunkt i vurderingane av om eit avvik skal meldast Datatilsynet eller om ein skal nøye seg med å dokumentere det i eige kvalitetssystem. Leiarar, fagressursar og personvernombodet har eit særskilt ansvar for å informere om personvern i fylkeskommunen generelt.

Dei tilsette pliktar å melde brot på personopplysningstryggleiken, og dette vert gjort ved å registrere avviket i kvalitetssystemet. Avviksmodulen i kvalitetssystemet er lite kjend blant dei tilsette og det er manglande kunnskap om kva som utgjer eit brot på personopplysnings-tryggleiken. Tala under støttar dette, og ein må rekne med at mørketala kan vere store.

Nøkkeltal

Brot på personopplysningstryggleiken som er melde i kvalitetssystemet gjennom 2020, er vurdert og sakshandsama av personvernombodet og personvernrådgevar. Dei fleste sakene som er innmelde er klassifisert til låg/middels risiko for den registrerte, medan det også har vore saker som har blitt vurdert til middels, med grense til høg. Ut i frå saka sitt omfang er nokre saker meldt til Datatilsynet innan fristen på 72 timar frå saka vart kjend for anten personvernombod eller personvernrådgevar.

Tabellen under syner nokre nøkkeltal for arbeidet gjennom 2020:

Personvernprotokollar og risikovurderingar utført i 2020			
Protokollar	28		
Risikovurderingar	28		
Avvik behandla i 2020 (tom 15. desember)		lukka	ikkje lukka
Interne avvik behandla av PVO/PVR	7	7	0
Avvik behandla av linja (nærmaste leiar)	16	12	4
Avvik meldt til Datatilsynet	7	7	0

Forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik

Fylkestinget gjorde i møte 15.12.20, sak 152/20, vedtak etter gjennomført forvaltningsrevisjon innan informasjonstryggleik

På bakgrunn av fylkestinget sitt vedtak vil fylkesrådmannen utarbeide ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.21.

Ny mal for databehandlaravtale

Fylkeskommunen gjekk frå 07.01.21 over til bruk av Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) sin databehandlaravtalemal. Denne erstattar den tidlegare malen for databehandlaravtale som vart utarbeidd av dei fylkeskommunale personvernomboda i 2019. Ved å ta i bruk Digdir sin statleg utarbeidde mal vil fylkeskommunen alltid ha ein oppdatert databehandlaravtale på gjeldande regelverk, ein vil få større gjennomslagskraft i forhandlingar med leverandør, i tillegg til at malen enkelt let seg justere gjennom tilhøyrande vedlegg.

Avsluttande merknader

Vestland fylkeskommune behandlar eit stort volum personopplysningar av ulike kategoriar. Dette inneberer at arbeidet med personvern er svært omfattande, og at arbeidet må prioriterast etter kvar risikoen er høgast. Arbeidet med personvern er også krevjande ut frå at fylkeskommunen er svært kompleks og at avdelingar har ulike rutinar/praksis på sine område.

Arbeidet med personvern krev kontinuitet og tilstrekkeleg med ressursar for å sikre at fylkeskommunen etterlever krava i personvernlovgivinga. Det er difor viktig at ressursane på personvernområdet held seg stabilt over tid, slik at det er mogleg å få ei etablert ansvar- og rollefordeling på området.